

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 76.

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gyland

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av: Lars Fr. Nuland

Gard:

(adresse): Nuland p.å

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I min yngste ungdom(1890 åra) viste folk mykje om gamle lækjar-råder. Det var langt til doktor og han var dyr, så det skjeldan dei søkte doktoren.

Det var då og bare 1 doktor i heile Flekkfjord prosti, så folk laut vera mestmogeleg sjølhjelpte.

Eg minnest Ola i Lia, frå Bakke-Lla Sigbjørnson Modalsli Han var den mest kunnige og mest nyitta hjelpedoktar her ikring. Han hadde vore sjuk i sin ungdom og for å kurerte seg sjøl hadde han lese dokterbøker og praktisert eigne hjelperåder. Det var nå helst koppsetting og årelating han nyitta, og serleg mot lungebetendelse, hadde folk tru på årelating. Eldre giktsjuke folk hadde også tru på igla og årelating for å friska opp blodet.

Eg minnest Ola i Lia, Han var far til den kjende lækpredikanten, Sigbjørn Modalsli, Var det lungebetendelse så henta dei Ola i Lia, og mange trudde det hjalp.

Dr.Kraft i Flekkefjord skulde vera vond på Ola og skulda han for å gjera av med folk, men så er det fortald at han sjøl eigong var sjuk av lungebetendelse og laut henta Ola i Lia, sidan var dei gode vene.

Ola vist kva årer han skulde opna, ettersom verken sat i kroppen. Han hadde også råder for svullar, brykte grauteomslag, og varm nautelort for å driva svullen fram til mogning.. For å slå hol på årerne hadde han eit lite apperat, som kallast, Billen, Den hadde ein liten kvass hoggar, som vart spent med ei fjør, Når han så drog av kom det eit hogg og opna blodåra før den sjuke fekk tid å tenkja på det. Ola var ~~NYX~~ svert bileg, han gjorde det helst for inkje , ellet tok få øre for hjelpa. Ordf. Ersdal i Bakke fortalte, at Ola hadde vore i huset med hjelp mange gonger utan at det hadde vore råd å få betalt han noe for det. Så var han der påny, og far hans

15717

nøyde han til å taimot ein femkronesetel, men då Ola var reist, fann dei setelen i vinduskarmen i fostua, då hadde han lagt den frå seg der.

Gabriel Torson Nettland, Gyland, var syskenbarn av Ola, Han fekk lært litt av han og hadde Bill han og. Eg veit han var ute og praktiserte litt han også. Så var det ei gamal jente, Dorthea Hellestøl, som også hadde Bill og som praktiserte ananstad i bygda.

Det er fortald om folk her ibygda, som kunne stemma blodet, men det var før mi tid, likevel fortald av folk som mintest det. På Heggland i Gyland var det ein mann, som heitte Søren. Han var barnefødd i Fjotland. Han kunne stemma blodet. Ein mann fortalte meg. Det var eigong far hoggde seg så illa i foten, så sprang dei ned til Søren og bad om hjelp. Søren mulla noke for seg sjøl og sa så: Nå kan de gå att, nå skal det stå, og det viste seg att det slo til. Då bodet kom atende, fekk dei vita at fåren var over. En mann på Seland, som endå lever fortalte: Det var eigong Rasmus Seland hoggde seg så illa at det stod om livet, Så sende dei bod etter Karnils Jeiskeli, han skulde kunna stemma blodet, Men det vart sålenge å venta at Rasmus heldt på forblø seg, så sende dei far min til møtes, og han trefte Karnils i Øygadren, så sa han koss til stod, og kan du gjera noke, så må det skje fort. Då tok Karnils til å mulla eitkvart for seg sjøl og så sa han. Nå ska det stå, så gjekk det, då dei kom til Seland att, hadde blodet standsa. Nils O. Rygg kunne au standsa blodet, men dei trudde ikkje det virka der som dei fortalte det, eller lærte andre den formularen dei brukta. Eg høyrde sonen Ola Rygg fortalte, at far hans hadde lært han det, då han låg på sitt sisste, men eg he aldri brukte sa Ola. Dei las også for tanneverk og ei lærarinna som lever idag, fortalte at ho hadde hatt post i Nod-Norge og der var det vanleg endå at dei las for tanneverk og trudde det hjalp.

Eg minnest at folk gjekk heilt til Mandal og spurte seg tilråds hjå Valborg Valan, ho hadde ry for sine kurar sålangt vest som her. Det let seg sagt i gjera å få bilåte av Ola i Lia. De kunne vel best få nermare opplysning om dødsåret av sonesonen, Ole Modalsli, som er forstandar for Frikyrkja i Kristiansand S.

Ei lækjarbok som folk hadde og trudde på, kallast Bondepraktikka, Eller som det i folkeleg uttale helst blei kalla. Bonaprakta. Den hadde mykje om astrologi og lækjarråder, og var skriven på rim.